

---

**Fra:** Yngve Garen Svardal <yngve.svardal@nordhordland.no>  
**Sendt:** mandag 8. juli 2019 09:04  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Re: Innsynskrav

## KLAGE OVER SEIN SAKSHANDSAMING

Vi viser til mail sendt den 19. juni.

Etter offentleglova skal klager avgjera «utan ugrunna opphold», jf. offentleglova § 32 (3). Sivilombodsmannen har i eit utsegn gjeve i 2008 ([2008/1718](#)) uttalt at 2–3 veker ligg over det som er akseptabel saksbehandlingstid. For denne saka har det snart gått tre veker. Dette er eit alvorleg brot på offentleglova. Konsekvensane er at kommunen held tilbake informasjon, utan at vi har fått den vurderinga av grunnlaget for tilbakehalding som vi har krav på. Dette er i seg sjølv alvorleg, og ekstra alvorleg fordi vi har grunn til å tru at det gjeld ei sak av stor offentleg interesse.

Vi viser elles til 10.3 frå Justisdepartementets veiledar til innsyn, s. 177:

*«Det følger av § 32 tredje ledd fyrste punktum at ei klage skal førebuaast og avgjeraast utan ugrunna opphold. Ordlyden er tilpassa formuleringa i forvaltningslova § 11 a fyrste ledd for å få fram at øg saksførebuinga skal skje raskt, og kravet er elles det same som etter § 29 gjeld for handsaming av innsynskrav i førsteinstansen, jf. punkt 9.3 ovanfor. Klagesaksførebuinga vil, i tråd med forvaltningslova § 33, til dels finne stad i førsteinstansen, som skal legge saka til rette for klageinstansen.»*

I Stortingsmelding 32 (1997–98) vert det understreka at ei verksemd som er underlagt offentleglova, må sørge for rutinar som gjer at kravet til rask sakshandsaming, vert overhalden:

*«At sakshandsamaren som har saka som innsynsbegjæringen knyter seg til er bortreist, sjuk eller på ferie når begjæringen kjem inn, er som hovudregel ikkje tilstrekkeleg til at behandlinga av innsynsbegjæringen kan utsettast. Det er det enkelte organs eige ansvar å sørge for rutinar som gjør at kravet i offentleglova § 9 første ledd oppfylles.» (§ 9 svarar til her §29 og §32 i den nye lova, min anm.).*

I sak 2008/1718 uttaler Sivilombodsmannen blant anna:

*«Eg har i tidlegare saker (sjå bl.a. Somb-2007-2) uttalt at omsynet til innsynsreglene effektivitet og formalet bak offentlighetsprinsippet, tilseier hurtigheit på alle trinn ved behandlinga av innsynssakene. Dette inneber både at klageorganet har ei plikt til så raskt som mogleg å setta i gang behandlinga av saka (min utheting) ved å kontrollere at saka er tilstrekkeleg opplyst for klagebehandlinga, og om nødvendig be førsteinstansen om eit utgreiing. (...)*

*På same måten som at ressursproblem som skuldast variasjonar i talet på tilsette ikkje utan vidare er tilstrekkeleg til at behandlingstida av innsynssakene kan forlengast utover lovens utgangspunkt, kan heller ikkje ressursproblem som skuldast økt sakstal generelt gi grunnlag for å godta lengre behandlingstid enn lovens krav. Sjølv om eg har forståing for at eit*

*plutseleg auke i saks mengda kan skape problem med omsyn til overholdelse av kravet til saksbehandlingstid i eit periode, har forvalningsorganet plikt til å sørge for at lovens krav oppfylles, uavhengig av årsaka til ressursproblemene i organet (min utheving). Som nemnt er det først og fremst eigenskapar ved innsynssaka eller de dokument det krevjast innsyn i, som kan grunngi eit behandlingstid utover lovens utgangspunkt. Det ligg i dette at det skal mykje til for at forhold ved forvalningsorganet skal kunne gjere et opphold i behandlinga grunna. Det ligg i dette at det skal mykje til for at forhold ved forvalningsorganet skal kunne gjere et opphold i behandlinga grunna. Eg kan derfor ikkje slutte meg til fylkesmannens syn om at klagesakene avgjerast «utan ugrunnet opphold», fordi det ut frå ressurssituasjonen ikkje er mogleg å behandle dei raskare. En normal saksbehandlingstid på mellom to og tre veker etter mottak kan vanskeleg aksepteres, også når det takast høgde for eit eventuell tilbakesending av saka til førsteinstansen for klagebehandling. «*

På denne bakgrunn ber vi om at vår klage avgjerast snarast og i tråd med krava i offentleglova. Dersom klagen ikkje blir behandla innan kort tid, vil vi ta saka vidare til Sivilombodsmannen.

ons. 19. jun. 2019 kl. 13:36 skrev Yngve Garen Svardal <[yngve.svardal@nordhordland.no](mailto:yngve.svardal@nordhordland.no)>:

Hei.

Eg ber med dette om innsyn i følgjande dokument:

- \* 19/6301
- \* 19/10223
- \* 19/5967
- \* 19/8596
- \* 19/6483
- \* 19/6296
- \* 19/4544

Alternativt så ber eg om å få oversendt eit oppsett som viser kva Lindås kommune har brukt på tomtekjøp i samband med nye Alversund skule.

--

Mvh

#### AVISA NORDHORDLAND AS

Yngve Garen Svardal

Journalist

Tlf. 415 30 177

| Følg meg på [twitter.com/yngvegs](https://twitter.com/yngvegs)

--

Mvh



**AVISA NORDHORDLAND AS**

Yngve Garen Svardal

Journalist

Tlf. 415 30 177

Følg meg på [twitter.com/yngvegs](https://twitter.com/yngvegs)